

Vår referanse 2020/47217-5
Dato 27.04.2020ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjon byggegrense - Fv. 5476 - Gnr 58 bnr 177 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune som vegstyresmakt syner til brev motteke 03.04.2020 med ovannemnde søknad til uttale.

Kva saka gjeld

Det er søkt om oppføring av ny bustad på gnr. 58 bnr. 177 i Alver kommune som krev dispensasjon frå byggegrense mot fylkesveg.



Figur 1: Situasjonkart lagt ved søknaden

jf. 2017 - 2020 Rammepplan for avkøyrsler med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrensar for riks- og fylkesveg i Region vest.

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrense med oppgitt mål på 36 meter frå vegmidte til terrassekant. Vi vil presisere at dispensasjonen må gjelde for alle typar tiltak, også tilkomstveg, parkeringsareal og garasje. Det som blir relevant i denne saka er avstand frå ytterkant tilkomstveg/parkeringsareal til vegmidte, og desse er ikkje målsett på teikningar vedlagt søknaden.

Vi syner til at området er regulert gjennom godkjent KDP. Under generelle føresegner punkt 1.4 er det oppgitt byggegrense langs fylkesveg på 15 m. Det er difor Alver kommune som eventuelt skal gje ein dispensasjon frå byggegrense heimla i plan og bygningslova.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område og er definert som LNF og omsynssone landbruk i *kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011-2023* (KDP).

Saksgang

Før søknaden vert handsama etter veglova, er det behov for å avklare tiltaket etter plan og bygningslova (pbl.) og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl. §19-2. Dette brevet er difor utforma som ei uttale til Alver kommune. Vi har óg klagerett i slike saker.

Uttale

Eigedomen ligg nordaust for fv. 5476. Fartsgrensa på staden er 50 km/t, og årstdgertrafikk (ÅDT) er 150. Vegstrekninga er klassifisert til haldningsklasse «lite streng»

Fylkesveg 5476 er smal og svingete og manglar tilbod til mjuke trafikantar på denne strekninga. Vi meiner det på sikt er behov for å utbetre strekninga. Terrenget nedanfor fylkesvegen er sidebratt og det er viktig å setje att tilstrekkeleg areal på oppsida av vegen til framtidig utbetring av fylkesvegen. Vi syner også til ulempene som følgjer ved å bu tett på vegen i høve til støy og faren for ulukker der til dømes born kjem ut i vegbana under leik.

Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden har vi ikkje vesentlege merknader til søknaden dersom alle tiltak er plassert utanfor regulert byggjegrænse og ikkje nærare fylkesvegen enn 15 meter frå vegmidte gjeldande for alle typar tiltak.

Dersom det ikkje føreligg avkøyrsløyve for bustad på bnr. 177, må dette søkast om dersom kommunen gjev løyve til tiltaket. På bakgrunn av at avkøyrsla nyleg vart oppgradert og siktforholda vurderte som adekvate, kan eit avkøyrsløyve påreknast dersom dette vert søkt om.

Vi ber om å få saka til klagevurdering når ho er ferdig handsama.

Med helsing

Hege Løvteit
Leiar

Silje Svanevik-Røren
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift